

**Pilotprosjekt Utvikle samarbeidsmodell for musea i Hordaland  
for å sikre og vidareføre den tekstile  
kunnskapsarven.**

Prosjektperiode 1.11.17-30.6.18.

Samarbeidspartar: **Museumssenteret i Hordaland (prosjektansvarleg), Hardanger og Voss  
Museum, Sunnhordland Museum**

Søknad **Totalt kr. 340 000**

**MÅL:**

1. **Utvikle samarbeidsmodell som sikrar den praktiske tekstilkunnskapsarven knytt til museumssamlingane**
2. **Sikre kunnskapen hjå museumstilsette på tekstilfeltet**

**Bakgrunn**

Musea i Hordaland har rike tekstilsamlingar. Dette feltet har vore viktig for musea heilt frå oppstart, noko vi ser av samlingshistorikken og omfanget. Samlingane er viktige kjelder til drakthistoria i fylket og er på denne måten også av nasjonal verdi. Folkemusea sine samlingar gir også bilet av tekstilproduksjon og ressursbruk i dei ulike regionane i det førindustrielle samfunnet og overgangen til forbruksøkonomi. Det tekstile materialet speglar ikkje berre lokale særpreg og tradisjonar, men også stor kunnskap om materialar og teknikkar og verdien av korleis ta vare på og bruke knappe ressursar.

Denne kunnskapen vart overført frå generasjon til generasjon og var ein sjølvsagt del av livet for kvinnene. Tidleg på 1900-talet vart også nyttekunnskap om tekstil ein viktig del av pensum i skulen. Men i takt med aukande velstand, og ikkje minst flaumen av billige tekstilarer, kan vi kjøpe alt vi teng og kunnskapen har forsvunne frå skulepensumet og frå praksis i heimen. Dette rammar også musea sidan den generelle kunnskapen om tekstilar og reiskapar har vorte mindre både hjå museumstilsette og publikum.

Verdien av den tradisjonelle tekstilkunnskapen kan sjåast i fleire samanhengar: Den kulturhistoriske for å forstå museumssamlingane som kunnskapskjelder og gjenskape drakter og tekstilar. Ein annan samanheng er framtidsperspektivet der kunnskapen om textile materialar og teknikkar er ein føresetnad for berekraftig forbruk. Her har musea ei særdeles viktig oppgåve i å sikre og vidareformidle kunnskap.

## Tiltaket i forhold til fylkeskommunen sine planar

Dette vil vera ein del av strategien for å ivareta immateriell kulturarv og spesielt kunnskapsarven knytt til den handverksmessige tekstilframstillinga og tradisjonelle ressursforvaltninga. Dette er også i tråd med Kulturplan Premiss og Samlingsforvaltningsplanen for musea i Hordaland.

Ein kan på sikt tenkje seg fellesfunksjonar for alle musea i form av tekstilhandverkar og eit kunnskapsnettverk av ressurspersonar innan tekstilfeltet.

Fellesfunksjonen skal først og fremst bidra til å koordinere og sjå samlingane i samanheng. Slik må ein sjå tiltaket som ei oppfylging av Samlingsforvaltningsplan for musea i Hordaland. I prosjektet vil ein kartlegge tekstilsamlingane ved musea, vidareutvikle eksisterande nettverk av ressurspersonar innan tekstilfeltet. Dette nettverket vil vera ressursar i analyse av samlingane og i diskusjonen om prioriteringar. Modellen vil bli utforma og prøvd ut i samarbeidsmusea for deretter i siste del av prosjektet bli presentert for alle musea. Dette vil så danna grunnlag for tiltak innan tekstilfeltet ved musea i Hordaland.

## PROSJEKTET

Vi ynskjer å gjennom føre eit prosjekt der dei tre samarbeidsmusea utviklar ein samarbeidsmodell og forslag til felles tiltak. Resultatet frå arbeidet vert så presentert for alle musea i Hordaland som grunnlag for diskusjon og endeleg rapport.

Avsluttande rapport må omfatte forslag til ein samarbeidsmodell og felles tiltak som omfattar alle musea og tekstilsamlingane i fylket.

## PROSJEKTOPPGÅVER – Framdrift

<b>Oppstart</b>	Deltaljplanar, prosjektorganisasjon etablert	1.11.17	
<b>Kartlegging</b>	Kartlegge tekstilsamlingar, spesialområde, kunnskapsområde knytt til samlingane, musea sine ressursar, behov.	15.12.17	
<b>Felles strategi</b>	Prioriteringar av spesialområde, fellessatsingar, forslag til felles strategi, med opplæringsplan for museumstilsette/frivillige.  Dialog med alle musea i fylket. I fellesstrategien bør ein også drøfta samarbeide om formidling knytt til tekstilfeltet	1.4.18	
<b>Rapport</b>	Endeleg rapport ligg føre	30.06.18	

## **Organisering av prosjektet**

- Tekstilhandverkar:** Tilsett i 80% stilling. Ansvarleg for kartlegging, koordinering, gjennomføring.
- Kunnskapsnettverk:** Vidareutvikle eksisterande nettverk av ressurspersonar innan tekstilfeltet. Ressurs i analyser av samlingane og i diskusjon om prioriteringar.
- Arbeidsgruppe:** Solveig Jordal, Agnetha Sivertsen og Sunnhordland Museum  
Representerer forankring i dei tre musea, diskusjonsgruppe, fylge opp framdrift i arbeidet.  
Ansvarleg for rapporteringar i samarbeide med Tekstilhandverkar.

**Prosjekteigar/økonomiansvar:** Atle Ove Martinussen